



Akvator AS  
Skjerping, Nina  
Sæ 132  
5417 STORD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3103 - 14/18805

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
21.08.2014

## Løyve til igangsetting 2 - gbnr 229/6, Skår - settefiskanlegg Bjørsvik

**Tiltakshavar:** Lerøy Vest AS, 5020 Bergen  
**Ansvarleg søkjar:** Akvator AS, 5417 Stord  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om oppføring av stålhall.  
Kommunen har i vedtak av 16.10.2013. gjeve rammeløyve. Løyve til igangsetting 1 gjeve 10.04.2014.  
Det vert elles vist til søknad motteken 08.08.2014.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.08.2014 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

### VURDERING

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.  
Føretaket Akvator AS org.nr. 883532872 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) konstruksjonssikkerhet betongarbeid, grunnarbeid uteareal og landskap samt vassforsyning, avløp og fjernvarme. Føretaket har sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.  
Føretaket Vest Consult AS org.nr. 865285752 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) og kontrollerande (KTR )sanitæranlegg.  
Føretaket har sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområda.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 3.



Føretaket Sweco Norge AS org.nr. 967032271 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterende (PRO) brannteknikk i henhold til nivå A.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

Føretaket Bystøl AS org.nr. 928919161 har søkt ansvarsrett for ansvarsområda prosjekterende (PRO) dimensjonering av betongfundament trykkrøyr og dimensjonering av trykkrøyr og røyrdelar.

I tillegg får tiltaket godkjenning i tiltaksklasse 1 for ansvarsområde prosjekterende (PRO) dimensjonering av andre betongkonstruksjonar.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

Føretaket Llentab AS org.nr. 943246416 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterende (PRO) stålbygg over grunnmur, herunder dimensjonering av bæresystem vegger og tak. Føretaket har også søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) montering av bæresystemer for stålbygg, inklusive taktekking og veggkledning med dører, porter, vinduer og beslag.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområda.

Føretaket Akvator AS org.nr. 883532872 har søkt ansvarsrett for ansvarsområde kontroll (KTR) brannsikkerhet. Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for ansvarsområde kontroll (KTR) brannsikkerhet.

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §23-3 jf. §§23-5 (PRO)/23-7(KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Føretak	L/S	Funksjon/tiltaksklasse/ansvarsområde	Org.nummer
Akvator AS	S	PRO, T2, konstruksjonssikkerhet, betongarbeid	883532872
Akvator AS	S	PRO, T2, uteareal og landskap, grunnarbeid	883532872
Akvator AS	S	PRO, T2, vassforsyning/avløp/fjernvarme	883532872
Vest Consult AS	S	PRO, T2, sanitæranlegg	865285752
Sweco Norge AS	S	PRO, T3, brannteknikk nybygg	967032271
Bystøl AS	S	PRO, T2, dimensjonering av betongfundament trykkrøyr, trykkrøyr og røyrdelar	928919161
Bystøl AS	S	PRO, T1, dimensjonering av andre betongkonstruksjonar	928919161
Llentab AS	S	PRO, T2, stålbygg over grunnmur, dimensjonering av bæresystem vegger og tak	943246416
Llentab AS	S	UTF, T2, bæresystem stålbygg, inkl. taktekking og veggkledning med dører, porter, vinduer og beslag	943246416
Akvator AS	L	KONT, T3, brannsikkerhet	883532872
Vest Consult AS	S	KONT, T2, sanitæranlegg	865285752

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Søknadsppliktige tiltak §20-1	Gebyr
10.2.8 Igangsettingsløyve	Kr. 2.800,-
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett	
a) Kr. 1.000,- pr. føretak med sentral godkjenning x 5	Kr. 5.000,-
b) Kr. 2.500,- pr. føretak som ikkje har sentral godkjenning x1	Kr. 2.500,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 10.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

#### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Akvator AS

Sæ 132

5417

STORD